



Rosendal Musikklag stillar med eit solid innslag av uskedelinger i Stavanger

**Førstkommande helg deltar Rosendal Musikklag i underholdningskonkurransen Siddis Brass i Stavanger. Rosendal har delteke i denne konkurransen i ei årrekkje, og så seint som i fjor kom dei heim med ein imponerande 2. plass i 3. divisjon. No stillar dei med fire uskedelinger.**

Ved sida av det årlege norgesmesterskapet i Bergen, er **SIDDIS Brass** rekna som det viktigaste arrangementet for norske brassband. Kwart korps framfører eit underholdningsprogram etter fritt valg innanfor ei tidsramme på 20 – 25 minuttar.

I år har det vore rekordpåmelding til konkurransen. Ved å byrja tidlegare og slutta seinare samt å korta litt på spiletida til kvart korps har arrangørane fått plass til 52 av dei påmelde korpsa. Desse er fordelt på 4 divisjonar. I 3.divisjon deltar heile 18 korps.

Rosendal Musikklag vert i år dirigert av tysnesingen Torstein Hatlevik, og deltar i denne konkurransen fordi det er moro og inspirerande. Dessutan ser dei konkurransedeltaking som eit viktig middel til å halda korpset på eit godt musikalsk nivå. Vi er imponert over kva Rosendal har klart i så måte gjennom ein lang periode.

Fire uskedelinger er med i laget som reiser til Stavanger. Veteranen Gunnvald Friheim har rett nok budd i Rosendal i om lag 40 år. Han spelar no kornett. Dei tre andre er Bjørn Naterstad (trombone), Mette Ekomrød (flygelhorn) og Vegard Døssland (kornett). Vi nemner og at dirigenten i skulemusikken, Anders Christensen, er med. I denne samanhengen trakterer han ess-kornetten.

Torsdag kveld er sett av til siste øving på heimebane før dei finpussar dei siste detaljane i programmet i Stavanger. Konkurransespelinga føregår så på lørdag.

Vi ønskjer korpset lukke til!

Av Thor Inge Døssland

